



Tips vår sportsjournalist: Jo Carlson  
telefon 57 84 90 16, mobil 916 36 208  
e-post: jo.carlson@fjt.no

**Etter ein tam førsteomgang vakna Tornado Måløy etter pause. – Dette var ein lagsiger. Det var ærleg og god jobbing av alle, seier assisterande trenar Rolf Holme.**

 Håvar Fagerli  
havard.fagerli@fjt.no  
telefon 942 79 790

Sidan trenar Geir Ove Refvik er på reise, er det Rolf Holme som styrer TMFK.-skuta. Ti minutt ut i andre omgang er ikkje Rolf Holme heilt nøgd med innsatsen til laget. Han gjev tydeleg beskjed frå sidelinja, at no må dei vakne og gjere jobben sin.

Brått vaknar TMFK. Etter framspel frå Endre Rutledal får Øystein Hagen ballen i mål. TMFK ser no at dei er i ferd med å få hol på byllen. Etter fleire målsjansar i første omgang, og eit mål i mot, løsnar det for TMFK frå det 59. minutt.

#### Dale miste sentral spelar

– Ein av grunnane til at vi fekk så mange mål i andre omgang, kan vere at Stian Neset på Dale måtte gå ut med skade. Dale låg defensivt, og spelte ballen opp mot Stian Neset. Dette skapte mykje meir press mot oss før Neset måtte gå ut. Då han var borte, mista Dale litt av grepet dei hadde i første omgang. Likevel var det ein god innsats av oss, og vi produserte godt med sjansar som enda med mål, seier Rolf Holme.

TMFK spelte ein 4-3-3 forma-sjon, medan Dale starta med 4-4-2, men gjekk over til 4-5-1 etter at Stian Neset måtte forlate bana.

– Når ein først får nokre mål på kort tid, har det ein tendens til å kome fleire. Laget kjem inn i ein god stim, og alt klaffar. I dag hadde vi ein svært god periode der vi spelte veldig godt. Men det kunne faktisk gått andre vegen, om vi hadde hatt to mål mot oss til pause, seier Rolf Holme.

#### Stillingskrig

Den første omgangen på Refvik stadion var ein stillingskrig. Begge lag hadde fleire målsjansar, men det var berre Dale som greidde å få uttelling på ein av dei.

– Det var ein jamn førsteomgang. Begge lag hadde sjanse til å få mål. Vi hadde blant anna ein stor sjanse med Tore Rylandsholm åleine mot keeper, men kee-peren på Dale redda meisterleg, seier Rolf Holme.

Dale hadde ein stor sjanse til å få inn 2-0, men Rune Henden redda på streken.

– Hadde vi lege under 2-0, trur eg kampen kunne fått eit anna utfall. Det er ikkje sikkert at vi hadde greitt å samle oss og ta att



to mål. Eitt mål under er overkomeleg. Eg er rimeleg sikker på at med 0-2 til pause hadde ikkje sluttresultatet blitt 7-2. Men laget heldt motet oppe, og vi var samde om at vi skulle vinne denne kampen då vi gjekk ut på bana etter pause, seier TMFK trenaren.

#### Snudde kampen

Sjølv om spelarane var innstilt på å gjere underlag til siger, hadde ikkje alle blant publikum like stor tru. Nokre publikummarar starta å skjelle ut støtteapparatet til TMFK. Kommentrarar som kom frå publikum gjekk på at dette var ikkje det Tornado Måløy som var tidlegare. Men dei av publikum som miste trua på laget, fekk ho truleg fort tilbake.

Med ei angrepsvilje, flotte framspel og gode avslutningar snudde dei blå og kvite kampen mot sunnfjordingane. Øystein Hagen fekk tre flotte mål etter nokre gode angrepsraid. Øyvind Vabø, Tore Rylandsholm og Endre Rutledal skårte kvart sitt, før keeper Per Magne Løken sette punktum med 7-1 over eit skadeskote Dale. Keeper Per Magne Løken står med dette bokført med to mål i serien.

– Det var ei vilje på at vi skulle greie dette. Eg måtte minne spelarane litt på arbeidsoppgåvene

**Vendepunktet:** Øystein Hagen vert gratulert etter å ha redusert til 1-1. Målvakta til Dale måtte plukke ballen ut av



undervegs, men eg tykkjer alle gjorde ein svært god innsats, seier ein godt nøgd TMFK trenar, Rolf Holme.

■ ■ Det var to landslagsspelarar på TMFK i aksjon under kampen mot Dale. 15 åringen Gisle Myhre som er utteken til G-16, og 17 åringen Erlend Kvalheim skal spele med dei norske fargane for G-18.

# Snudde på ein h

**Klar melding:** I starten av andre omgang gav trenar Rolf Holme tydeleg melding. Kampen snudde. Og Tornado Måløy vann fortent 7-1.

■ ■ Det var eit varmt og flott sommarvær på Refvik stadion. Dommar Karl Inge Wolff var oppteken at spelarane fekk i seg nok væske. Under heile kampen spurte han spelarane om dei hadde drukke vatn. På stillinga 6-1 fekk kaptein Eirik Rutledal spørsmål om han hadde fått i seg væske. – Eg drikk etter kvart mål eg, så det er ikkje synd på meg, svarar kapteinen.

■ ■ Tornado Måløy har fått dispensasjon frå fotballforbundet til å bruke 15-åringar. Aldersgrensa for å spele på seniornivå er 16 år. 15-åringane Gisle Myhre og Sveinung Frantzen kom inn når det stod att 10 minutt. På den tida rakk dei å gjere eit godt inntrykk på heimepublikummet på Refvik stadion.